



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2016/818	8361/2016	243/65/4	11.04.2016

---

## Uttale - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket - gnr. 65/4 i Vinje

Aasmund og Ingvild L. Nordstoga søker om tilskot frå Fjellandbruket på kr 17 000,- for kostnader knytt til planlegging av utbygging av driftsbygning for mjølkekyr på eigedomen Plassen gnr. 65/4 i grenda Vinje i Vinje kommune. Kostnadsoverslaget er på kr 22 500,-. Ein syner elles til søknaden.

Søklarane driv i dag med om lag 10 mjølkekyr – men har av ulike grunnar trong for å oppgradere bygningar og utvide drifta. Sakshandsamar har i den samanhengen vore involvert i prosessen. Satsing som dette er i tråd med landbruksplanen for kommunen generelt – og der ein spesielt ser det som viktig å fortsett kunne halde på eit miljø av mjølkeprodusentar i Vinje.

Søknaden gjeld ein familie som vil satse vidare og auke produksjonen av kumjøl basert på landbruket sine ressursar i ein fjellkommune – jamfør målsettinga for ordninga. I tillegg til auka vareproduksjon, vil satsinga og få positive konsekvensar for beitebruk og kulturlandskap i ei bygd og gard som ber på stolte kulturtradisjonar. Garden Plassen ligg i nærleiken til Vinje kyrkje, og ikkje minst «Vinjar» der kommunen no planlegg Vinjesenteret – med intensjon om å bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingssenter på internasjonalt nivå om diktning og journalistikk. Såleis er det og viktig for kommunen å halde kulturlandskapet i hevd i dette området.

Det å få dekt planleggingskostnader ved utbygging vil for mange vere ein viktig dørøpnar for mange med tanke på vidare drift – og kan neppe finansierast på anna vis. Dette kan og kunne løyse ut ein større satsing med tilsvarende investeringstilskot – frå både kommune og Innovasjon Norge.

Sakshandsamar meiner at søknaden er i tråd med føremål og retningslinjer for Fjellandbruket, og syner og til at det tidlegare har blitt løyvd tilskot for kostnader til planlegging. Ein vil tilrå søknaden.

Med helsing

Thor Christiansen  
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1 65/4 - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket

Sendt til:

AASMUND NORDSTOGA  
FYLKESMANNEN I TELEMARK

Plassen Vinjevegen 1427 3890 VINJE  
Postboks 2603 3702 SKIEN